



Razika har mykje å læra frå seg

NYSATSINGA LAMBASLEPPET SKAL PRESENTERAST UNDER FESTIDALEN MEN DET STOPPAR IKKJE MED DET, I TILLEGG TIL EI SCENE FOR NYE OG LOVANDE BAND I KOMMUNEN VERT DET GJENNFØRT EIT KOMPETANSEHEVINGSSEMINAR MED RAZIKA. DET SKAL SPELA PÅ HOVUDSCENEN I ÅR.

Seminaret gjennomførast i samarbeid med BRAK, som er ein bransjeorganisasjon for musikkmiljøet i Hordaland og Sogn og Fjordane. Razika vil dela erfaringane sine frå musikkbransjen:

**Kva utfordringar møtar ein?
Korleis gå frå øvingslokale til scene?
Kven gjer kva i musikkbransjen?
Kor mykje kan ein gjera sjølv?**

Det vert lagt opp til ein laus og open samtale.

Dette skjer fredag klokka 15.30 og vil vera gjennomført til konsertane startar på jorden. Seminaret er gratis og ope for både artistane i Lanbasleppet og andre som er interesserte i musikkbransjen.

For ordens skyld ynskjer ein påmelding til post@festidalen.no

Tekst og nett: Ola Matti Mathisen
Foto: Privat